



Alle kommunane i Hordaland

Dato: 13.06.2014

Vår ref.: 2014/555-13

Saksbehandlar: lisadla

Dykkar ref.:

## Fylkeskommunale konferansar om trafikktryggleik hausten 2014

Hordaland fylkeskommune inviterer med dette kommunane i fylket til to ulike konferansar om trafikktryggleik hausten 2014.

Den fyrste konferansen er ein **fagdag om gangfelt** som er dagsett til 4. september. Konferansen er eit samarbeid mellom Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Bakgrunnen for konferansen er at etablering av gangfelt er eit av dei trafikktryggleikstiltak som er mest etterspurt av innbyggjarane når det kjem til sikring av mjuke trafikantar. I mange tilfelle er etablering av gangfelt det tiltaket som høver best, men det er og mange eksempel på at dette ikkje er den mest effektive løysinga. Dette er ei av dei problemstillingane som vi ønskjer å løfte denne dagen. Det vert lagt vekt på at fagdagen skal ha ei praktisk tilnærming, - der det skal vere høve til å ta opp konkrete eksempel som kan diskuterast i ope forum. Det vert lagt opp til stor grad av erfaringsutveksling. Målgruppa er kommunalt tilsette ved teknisk -, plan- og skuleetaten, konsulentar, Politiet, Statens vegvesen og fylkeskommunen. Påmeldingsfristen er sett til 21. august. Program for dagen finn de vedlagt.

For 4. året på rad vert det invitert til **Trafikksikringskonferanse for kommunane i Hordaland**, i år lagt til den 26. november. Det er Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) som står bak konferansen, og tema på årets konferansen er mellom anna:

- Nasjonalt mål om å auke talet på gåande og syklande – kva inneber det for trafikktryggleiksarbeidet?
- Trafikksikringsarbeid i skulen. Resultat av kartlegging og anbefalingar. Trafikk som valfag i ungdomsskulen
- Informasjon om tilskotsordningane i regi av FTU

Vi ber om at de set av datoен. Utførleg program for trafikksikringskonferansen kjem over sommaren.  
Påmeldingsfristen er sett til 31. oktober.

Påmelding til konferansane gjer ein på [www.kurs.hfk.no](http://www.kurs.hfk.no).

John Martin Jacobsen  
leiar

Lise Ådlandsvik  
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.